

NVE

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

nve@nve.no

Kopi: Eidfjord kommune, teknisk etat v/ Gunnar Elnan, postmottak@eidfjord.kommune.no

Vilkårsrevisjon: Sima saksnr 201500615-19

Merknader til vilkårsrevisjon Eidfjord Nord reguleringen

Vi er kjende med at konsesjonen til Statkraft for Sima kraftverk skal opp til vilkårsrevisjon no, og vi ynskjer i samband med dette å kome med denne merknad.

Familien vår eig Sjursløken 9 som ligg øvst i Sysendalen, nederst i Storli, g.nr 17, b.nr 198. Eigedomen grensar til Bjoreia og dei to bygningane ligg tett på elvebredda. Den eine bygningen er SEFRAK-registrert.

Merknaden gjeld å sikre fritt/reint elveløp i Bjoreio frå inntak til Sysen/Storli kraftverk, og til møtepunkt med Leiro. Dette av omsyn til sikkerhet i en flaumsituasjon der inntak uplanlagt går tett, eller stengjast i ein naudsituasjon. Vi mener tiltakshavar må påleggjast minstevassføring i sommerhalvåret, samt spyling av elveløpet minimum 1-2 ganger om året. Dagens praksis med 0,5 -1 m³/sek vannføring om sommeren (midt i juni-byrjinga av september) er ikkje åleine tilstrekkeleg for å forhindre attgroing.

Vi har ved fleire høve vore på Sjursløken og vassføringa i elva har stige kraftig på kort tid. Vatnet har då fossa inn over stølsvollen og omringa bygningane på alle sider. Ein gong kom store isblokker nedover, og stølsvollen var dekkja av is då vatnet trekte seg attende etter eit døgn tid. Dette var for oss ein kritisk situasjon med barn som oppheldt seg nær elva som flauma opp. Vatnet steig i løpet av få sekunder.

Vidare ser vi også at elvebotnen vert stadig meir prega av mudder, og difor burde det også av den grunn vore sett vatn på i større volum enn det som er kravd i konsesjonsvilkåra som føreslått over. Dette ville hindra tilgroing av vegetasjon frå sidene og også mudder på boten av hølar og i stryka.

Vi vil også minna om at elva er skilje for beitande dyr, noko som også er nemnt i gjeldande konsesjonsvilkår.

Vidare er vi kjende med innhaldet i NORCE rapport nr. 387 «Effekter av vanntemperatur for vekst og rekruttering av laks og aure i Bjoreio» og NORCE rapport nr. 414 «fiskebiologiske undersøkelser i Eidfjordvassdraget». Innhaldet som gjeld mogelege konsekvensar av lågare temperatur og påveknad for fisk i vassdraga er uroande. I rapport nr. 387 vert det tydeleg tilrådd å oppretthalda, -og helst utvida, praksis med å opne luker i sperredammen.

Mvh

Ragna Heggebø og Bård Jansen